

Alpinkomiteen@

Sakshand.: RE/ KD

Dato: 05.12.2022

Arkivk.: ak/møter/innkalling/21-23

|   |
|---|
| <b>PROTOKOLL TIL MØTE NR. 08 I ALPINKOMITEEN, 2021-2023</b> |
|---|

**Stad:** Digitalt møte (Microsoft Teams)  
**Tidspunkt:** Måndag 5. desember 2022, kl. 19.00-20.30

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 58 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 59 21-23** Godkjenning av AK protokoll nr. 07 21-23  
**SAK 60 21-23** Referat Haustmøte 2022

**RAPPORTERINGSAKER**

**SAK 61 21-23** Rekneskapsrapport pr. 31.11.22

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 62 21-23** Heiskortpris på krinstrening og renn  
**SAK 63 21-23** Støtte FIS løparar 2022  
**SAK 64 21-23** Nasjonale renn 2023  
**SAK 65 21-23** 100års jubileum  
**SAK 66 21-23** Dialogmøte NSF AK

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 67 21-23** Marknadsarbeid i AK

**EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Roger Ellingsund, Erik Solheim, Elisabeth Sætren, Cato Vik, Kåre Hetle, og Kennet Dvergedal (adm.)

**FORFALL:**

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Kennet Dvergedal

---

## REFERATSAKER

### SAK 58 21-23

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

##### **Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

##### **VEDTAK:**

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 59 21-23

#### **Godkjenning av AK protokoll nr. 07 21-23**

##### **Bakgrunn**

Protokoll frå AK møte nr. 07 21-23 er sendt ut som eige vedlegg og godkjent elektronisk tidlegare.

##### **VEDTAK:**

Alpinkomiteen godkjenner AK protokoll nr. 07 21-23

### SAK 60 21-23

#### **Referat Haustmøtet 2022**

##### **Bakgrunn**

Referat frå Haustmøte 2022 er sendt ut som eige vedlegg.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner referat frå Haustmøtet 2022

## RAPPORTERINGSAKER

### SAK 61 21-23

#### **Rekneskapsrapport pr. 31.11.22**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 31.11.2022 er lagt ved som eige vedlegg.

Nøkkeltal frå rapporten:

*Inntekter AK: kr. 447 190,-*

*Kostnadar AK: kr. -337 999,-*

*Resultat AK: kr. 109 191,-*

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek rekneskapsrapporten til orientering.

## DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

### SAK 62 21-23

#### **Heiskortpris på krinstrening og renn**

##### **Bakgrunn**

Det er sendt ut henvendelse til skisenter i Skikrinsen om pris for heiskort til krinsrenn, og krinstrening i samband med samlingar. Med frist for tilbakemelding 4. desember.

Pr. 01.12 har desse gitt tilbakemelding:

- Sogn Skisenter – rennkort til kr. 200,- pr dag, for aktive og funksjonerer
- Sogndal Skisenter – rennkort til kr. 200,- pr dag, for aktive og funksjonerer

- Breimsbygda Skisenter – rennkort til kr. 200,- pr dag
- Hornindal Skisenter – rennkort til kr. 200,- pr dag
- Sunnfjord Skisenter – trening/rennkort til kr. 200,- pr dag
- Jølster Skisenter – rennkort til kr. 200,- pr dag

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å følgje opp med alle skisentera om kva tilbakemelding på pris som er komne, og vidare oppfordre alle til å prise likt for heiskort til utøvarar og funksjonera. Adm. følgjer opp.

### **SAK 63 21-23**

#### **Støtte FIS løparar 2022**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapen til AK ligg an til å gå i overskot for 2022. I 2021 vart det gitt støtte til FIS løparar gjennom ein søknadsrunde.

Det er rom i rekneskapen for å vidareføre ei slik søknadsordning.

FIS lista 22/23 består av 10 løparar:

- Oskar Ellingsund, Jølster IL
- Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
- Eivind Stedje Hofslundsengen, Sogndal IL
- Sindre Myklebust, Sogndal IL
- Jan Henden Rand, Haugen IL
- Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
- Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
- Andrine Mårstøl, Haugen IL – Landslag
- Ane Malene Sætren Myklebust, Sogndal IL

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak om støtte til FIS løparar 2022:

- Støtte på kr. 6000,- pr løpar
- Må representere klubb i Sogn og Fjordane Skikrins
- Bidrag inn mot rekruttering i klubb, f.eks. treningsøkt i lokal bakke, inspirasjonsforedrag via Teams, m.m.
- Sende litt info til administrasjonen i løpet av sesongen (bilete, resultatlistar og liknande)
- Løpar må sende enkel søknad som inneheld:
  - Kort personleg info (mål for sesongen)
  - Korleis bidra med rekruttering inn mot klubben
- Søknadsfrist 21.12.2022

### **SAK 64 21-23**

#### **Nasjonale renn 2023**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsen legg til rette for felles opplegg i samband med desse nasjonale arrangementa skisesongen 2023:

- Telenorlekene Wyller, Heming og Ready alpin – 9.-12. mars 2023
- Hovudlandsrennet Vassfjellet, Freidig alpin – 21.-26. mars 2023

Meir informasjon om arrangementa og prisar finn ein på nettsida:  
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/alpint/nasjonale-renn-alpint/>

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å legge til rette for felles opplegg på arrangementa, og legg til rette for at krinslagstrenar kan vere med.

#### **SAK 65 21-23**

#### **100års jubileum**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins fyller 100 år 2023. Skikrinsstyret har oppretta ein komité som jobbar med jubileet, og ber greinkomiteane kome med innspel til jubileumsarrangement.

Det er forslag frå jubileumskomiteén om å ha ei større jubileumsmarkering i samband med KM SL og SSL i Hodlekve 10.-12. februar 2023.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å følgje opp jubileumsmarkering i Sogndal 10.-12. februar med leiar i alpingruppa i Sogndal, og elles aktuelle personar i miljøet i Sogndal.

Forslag om å ha ei markering i Dalaloven, med premieutdeling og enkel servering etter KM laurdag 11. februar.

#### **SAK 66 21-23**

#### **Dialogmøte NSF AK**

##### **Bakgrunn**

Leiar AK har fått innbyding til dialogmøte med NSF Alpin 11. januar 2023.

Skikrinsane møtes for å drøfta kva rekrutteringstiltak som er gjort, og kva utfordringar ein har, og kva som kan bli gjort framover.

Alpinkomiteen drøfta følgjande punkt:

- Kostnadar knytta til Hovudlandsrennet og Telenorlekene
- Positivt med tilsetjing av skiklubbutviklar
- Skikrinsen har satt ned treningsavgift på samlingar
- Bør oppfordre til betre samarbeid på tvers av krinsar, med skisamlingar og liknande
- Legg krinstreningar til helg, i samband med renn, for å få med fleire

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om at leiar tek med seg punkta inn til dialogmøtet.

## ORIENTERINGSSAKER

**SAK 67 21-23**

**Marknadsarbeid i AK**

**Bakgrunn**

Status marknadsarbeid i AK pr 01.12.2022:

| Verksemd           | Grein  | Går ut | Status                       |
|--------------------|--------|--------|------------------------------|
| Sparebanken Vest   | Alpint | 2024   | Avtale går t.o.m. 2024       |
| Fjord1             | Alpint | 2024   | Avtale går t.o.m. 2024       |
| Intersport Sogndal | Alpint | 2024   | Avtale går t.o.m. 31.05.2024 |

## VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

## EVENTUELT

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)  
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef